



# **Midt-Telemark** **kommune**

## Kommunedelplan for Lifjell 2023-2033

### Planprogram

Vedteken av kommunestyret 24.10.2022





## Innhold

1.	Kva er ein kommunedelplan for Lifjell og korfor gjer vi det nå? .....	2
2.	Kva er eit planprogram? .....	3
3.	Når kan ein komma med merknader til planprogrammet og innspel til planarbeidet? .....	3
4.	Kva er ein reisemålsprosess? .....	4
5.	Kva er måla med planarbeidet og kva problemstillingar skal adresserast? .....	4
6.	Kva er dei overordna rammer og føringar? .....	5
7.	Korleis skal FNs berekraftsmål integrerast i planarbeidet? .....	7
8.	Kva problemstillingar skal drøftast i planarbeidet? .....	8
9.	Korleis skal vi vurdere konsekvensane av planforslaget? .....	10
10.	Korleis blir arbeid med Kommunedelplan for Lifjell forankra i Midt-Telemark kommune? .....	12
10.	Kven skal involverast i planarbeidet, når og korleis? .....	13




## 1. Kva er ein kommunedelplan for Lifjell og korfor gjer vi det nå?

Kommunedelplanen for Lifjell er ein overordna plan for arealbruk for delar av Lifjellområdet i Midt-Telemark kommune (sjå kap. 5.). **Planen er juridisk bindande og gir føringar for meir detaljert planarbeid.** Han forheld seg til planstrategi (oversyn over planarbeid i ein gitt periode basert på overordna prioriteringar), kommuneplanens arealdel og kommuneplanens samfunnsdel som visar målsetjingar og verkemiddel for samfunnsutvikling i kommunen.

Kommunedelplanen består av eit plankart som syner både eksisterande og eventuell nye arealformål (alle som ønsker det kan komma med slike innspel), f.eks. område for fritidsbustad eller naturområde. Om eit område er avklart i kommunedelplanen, blir det opna for at grunneigarar og utbygger kan igangsetja reguleringsarbeid. På same måten kan områda i kommunedelplanen setjast av til andre arealformål, som f.eks. verneområde for å sikra andre arealinteresser.

Ein kommunedelplan kan utarbeidast for eit geografisk avgrensa område der dette av særskilte grunnar er formålstenleg. Det er kommunestyret som avgjer kvart fjerde år, gjennom planstrategien, kva område eller tema som bør behandlast/reviderast i den neste fireårsperioden, og eventuelt kva tema og område som skal behandlast i eige plandokument.



Figur 1. Plassering av planarbeidet i diagram som syner plansystemet i Midt-Telemark kommune (frå planstrategien).



I planstrategien for Midt-Telemark kommune 2020-2023, vedteken av kommunestyret den 25.05.2020 (sak 60/20), kjem behovet for å vidareføre Kommunedelplanen for Lifjell som eigen plan fram.

«For delar av Lifjellområdet gjeld eigen kommunedelplan (2014). Planprogrammet for ny arealdel legg opp til at Lifjellplanen inngår i ny arealdel og ikkje vidareførast som eigen plan, men ein ser no behovet for ein reisemålsprosess for å avklare i kva retning destinasjonen skal utviklast i framtida før ein opnar for å gjere endringar i arealbruk. Det er derfor lagt opp til rullering av kommunedelplanen i slutten av planperioden.»

## 2. Kva er eit planprogram?

Jfr. plan- og bygningslovas § 4-1 skal det som ledd i varsling av planoppstart for ein kommuneplan, som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, utarbeidast eit planprogram som danner grunnlaget for planarbeidet. Eit planprogram skal legge til rette for medverknad i opplegget for planprosessen, og dessutan ei open drøfting av behovet for utgreiingar. Forslaget til planprogrammet blir lagt ut til offentleg høyring i 8 veker, samtidig med at kommunen varslar om oppstart av planarbeid.

Føreliggande planprogrammet gjera greie for:

- Formålet med planarbeidet
- Framdriftsplan og deltaking
- Opplegg for medverknad
- Behov for utgreiingar

## 3. Når kan ein komma med merknader til planprogrammet og innspel til planarbeidet?

Ved varsling om planoppstart samtidig med høyring av planprogrammet, har alle moglegheit å senda inn skriftlege innspel (innspel til planprogrammet, innspel til arealbruk, innspel til føresegner). **I denne fasen har ein første moglegheit for å påverka planarbeidet ved å komma med skriftlege innspel. Nye arealinnspele må sendast inn i denne fasen.**

**Merknader og innspel til planprogrammet og til pågåande planarbeid blir sendt til [post@mt.kommune.no](mailto:post@mt.kommune.no) eller Midt-Telemark kommune, Postboks 83, 3833 Bø. Frist for merknader og innspel er 19.05.2022.**

Etter at innspela til planarbeidet er politisk behandla og planforslaget er utarbeidd, vil planforslaget sendast ut på offentleg høyring. Alle som har komme med innspel vil bli varsla om høyringa. **I denne fasen er det siste moglegheit for å påverka planarbeidet ved å komma med skriftlege innspel til planforslaget. I denne fasen skal det i utgangspunktet ikkje blir sendt inn nye arealinnspele.** For å kunna vedta nye arealinnspele, må planforslaget sendast på ny høyring. Det er difor viktig at nye arealinnspele kjem i første høyringsrunde, slik at ikkje planarbeidet vert utsett lenger enn naudsynt.



Etter høyringa, vil planforslaget redigerast og blir framlagt til politisk behandling. Det er kommunestyret som vedtar den endelege planen.

#### 4. Kva er ein reisemålsprosess?

Ein reisemålsprosess refererer til Innovasjon Norges Program for reisemålsutvikling. Prosessen er ifølgje Innovasjon Norge ein krevjande prosess som involverer mange aktørar, om ein ønskjer å oppnå eit godt resultat. Formålet med ein slik prosess er at aktørane på ein reiselivsdestinasjon bestemmer kva ein ønsker med destinasjonen, for å deretter utvikla ein plan for å oppnå dette.

Grunnlaget for ein slik prosess er:

1. at arbeidet med reisemålsutvikling blir i organisert samsvar med Prosjektlederprosessen (PLP)
2. at ein brukar sertifiserte prosessleiarar innan reisemålsutviklinga

Innovasjon Norge kan gå inn med delfinansiering i eitt slik prosjekt med opp til 1,15 millionar, dersom ein bruker sertifiserte prosessleiarar, prosessen blir organisert i samsvar med Prosjektlederprosessen (PLP), og at Innovasjon Norge får rolle som observatør i styringsgruppa.

Det gjeld følgjande krav til søkar og søknad per i dag:

*Krav til søker: Destinasjonsselskap, næringsforeningar og nettverk kan sette i gang en strategisk prosess for reiselivsnæringen i området. Området prosessen skal gjelde for må være definert. Det er vesentlig for en god prosess at det er en lokal «ildsjel»/prosjektleder som ønsker å dra prosessen og at næringsaktører og kommune(r) forplikter seg til aktiv deltagelse.*

*Krav til søknad: Det må benyttes en godkjent prosessveileder og arbeidet på reisemålet må organiseres i henhold til PLP-prosessen (se liste på nettsiden). I fase 1 skal det utarbeides en situasjonsanalyse for reisemålet som utgangspunkt for strategien. I dette arbeidet er det en fordel å se strategiarbeidet og analysene i sammen med Merket for bærekraftig reisemål, dersom reisemålet også ønsker å arbeide med Merket. Det er vesentlig med en bred forankring i fase 2. I gjennomføringsfasen kan det være aktuelt å organisere enkelttiltak som egne prosjekter, avhengig av tiltakets art og størrelse.*

Det føreligg ikkje ein finansieringsløyising for ein slik prosess på dette tidspunkt. Kommunen har kjennskap til at VisitBø har vurdert ei slik prosess. VisitBø meiner at ein reisemålsutviklingsprosess for bare Lifjell vil ikkje være å føretrekke. Det bør heller planleggast for ein felles reisemålsprosess for heile destinasjon, både i Midt-Telemark og Nome kommune. Reisemålsprosessen blir utsett og bør gjennomførast uavhengig av dette planarbeidet.

#### 5. Kva er måla med planarbeidet og kva problemstillingar skal adresserast?

**Formålet med denne rulleringa av kommunedelplanen for Lifjell** er ein full revidering av planen. Ein kan både komma med endringsforslag til eksisterande arealformål, som per i dag ikkje er detaljregulert, og foreslå nye arealformål og heilt nye utbyggingsområde. Ein har òg høve å fremme forslag til endring av føresegnar ved denne rullering av planen.



Eit sentralt formål med planarbeidet er å vurdere om det bør gjerast endringar i sti- og løypetraséar eller heistraséar som ikkje inngår i reguleringsplanar. Det er òg eit formål med planarbeidet å vurdere alternativa for områda som er sett av til sentrumsformål i gjeldande plan. I samband med dette kan det gjerast ei vurdering av parkeringsbehovet og lokalisering av parkeringsareal.

Gjeldande kommunedelplan er frå 2014, og sidan den gong har det komme fleire endringa i nasjonale føringar til kommunal planlegging. Dette må leggast til grunn for arbeidet med denne revideringa av planen og ville kunne medføre endringar i ikkje realiserte byggeområde i kommunedelplanen. Det vil si at ikkje realiserte byggeområder i gjeldande plan kan måtte tilbakeførast til LNF-område med bakgrunn i ny kunnskap og nye føringar. Det kan for eksempel være utifrå omsynet til naturmangfald, myr eller liknande. Ein slik gjennomgang ville også gjerast med bakgrunn i reell behov. Ein må ikkje legge opp til ei større utbygging enn det er reelt er behov for. I planarbeidet skal det òg vurderast om det er naudsynt med ei byggegrense mot fjellet.

Det er vidare eit formål å vurdere føresegna om utnytting, høgder og utforming. I planarbeidet bør det òg vurderast om det er kan vera nødvendig med ei utleigeplikt for enkelte utbyggingsområde.

Både samfunnsdelen, med tydelege arealstrategiar, og arealdelen er forholdsvis nye planar og bør vera eit godt utgangspunkt for ein effektiv planprosess. Det har likevel vist seg eit stort behov for å samla aktørane rundt utviklinga av Lifjellområdet, og ikkje minst bygga tillit, stadsidentitet, framtidstru og optimisme i denne planprosessen. Det blir derfor lagt opp til ein romsleg framdriftsplan (kap. 9), som gir god tid til diskusjonar i dei ulike aktørgruppene, framfor ein stram framdriftsplan. Det er eit mål med planprosessen at alle som ønsker det får høve til å bli høyrte, både av dei tilsette i kommunen og politikarane i kommunen. Samtidig skal planprosessen verke ryddig og forståeleg, der interessene til fellesskapet vektast høgt, og der det er godt samsvar mellom vedtatt mål på lokalt og regionalt nivå, og arealbruken som blir vedtatt. Slagordet til kommunen «*Vi skaper framtida saman*» - «*Saman skal kommune, næringsliv, kompetansmiljø og innbyggjarar skapa framtida i ein region i sterk utvikling*», vedtatt i kommuneplanens samfunnsdel, skal òg vera ein raud tråd i denne planprosessen.

## 6. Kva er dei overordna rammer og føringar?

### Nasjonale føringar

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023
  - Kommunane skal legge FN's berekraftsmål til grunn
  - «Regjeringa legg vekt på at utbygginga skjer på ein måte som sikrar kvalitet i områda», jf. side 18.
- *Rundskriv T-2/16 frå Klima- og miljødepartementet, Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*
- *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*

### Regionale føringar

- Regional plan for samordna areal og transport i Telemark
- Regional klimaplan for Telemark





- Regional plan for folkehelse i Telemark
- Regional plan for vannforvaltning
- Regional strategi for reiseliv og opplevelser

## Lokale føringar


- Kommuneplanens samfunnsdel 2019-2031
- Kommuneplanens arealdel
- Strategisk Næringsplan for kommunane Nome og Midt-Telemark 2020-2032

## Følgjande reguleringsplanar gjeld innafør planområdet per 07.02.22

Tabell 1: Gjeldande reguleringsplaner innanfor kommunedelplan på Lifjell pr. 07.02.2022 (sjå plassering i kart i fig. 2)


Nr	PlanID	Plannamn	Vedtaksdato
1	04_30_2005	Lifjell - S1-2 & H7	11.04.2007
2	04_58_2017	Lifjelltoppen	23.04.2015
3	04_58_2021	Endring av del av Lifjelltoppen	01.11.2021
4	04_36_2006	Lifjell feriesenter	18.12.2006
5	04_38_2006	Veg og parkeringsplass Lifjell	11.04.2007
6	04_27_2005	Lifjell sone 4 plan 27 (H6-område – Grostul)	11.04.2007
7	04_23_2001	Del av Østerli sameige (Solskinnsdalen)	25.06.2001
8	04_26_2001	Jønnebu, del av Kalveliane	17.12.2001
9	04_12_1993	Skitrekk og løypenedfart, Lifjell	29.03.1993
10	04_15_2000	Reguleringsplan for Jønnebulia	19.06.2000
11	04_48_2011	Detaljplan for sambindingsheis D	19.12.2011
12	04_56_2017	Detaljreguleringsplan for H9-område (Møllebu)	21.06.2021
13	04_53_2014	Detaljreguleringsplan for H4 på Høgefjell	14.12.2015
14	04_28_2007	Bråtenfeltet, sone 4 plan 28	15.03.2007
15	04_51_2014	Torillstul / Håråldskar	28.04.2016
16	04_32_2005	Vegtrase til Østerlikollen	26.06.2006
17	04_13_1993	FV 153 v/Lifjell hotell og Vårbusvingen – Gapet	21.6.1993





Figur 2: Gjeldande reguleringsplaner innafør kommunedelplan på Lifjell pr. 07.02.2022.

## 7. Korleis skal FN's berekraftsmål integrerast i planarbeidet?



FN har definert 17 berekraftsmål som utgjer den internasjonale planen for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. For Midt-Telemark kommune er det innanfor fire tverrfaglege satsingsområde konkretisert 21 mål for korleis lokalsamfunnet og kommuneorganisasjonen skal utvikle seg i planperioden. Dette er mål som støttar opp om dei berekraftsmåla som er mest relevante for Midt-Telemark kommune. Under kvart satsingsområde er det definert langsiktige mål for korleis ein vil at Midt-Telemark kommune skal sjå ut i løpet av planperioden (slik vil vi ha det). Under kvart mål ligg det strategiar for korleis kommunen vil arbeide for å nå målet (slik gjer vi det). Ti av disse 21 mål vurderast som mest relevante for kommunedelplan Lifjell.

Figur 3. Betygning av FN's berekraftsmåla for planarbeidet med kommunedelplan Lifjell.



## 8. Kva problemstillingar skal drøftast i planarbeidet?

Retningsgivande for kva problemstillingar som skal drøftast i planarbeidet er målsetjingane frå kommuneplanens samfunnsdel. Målsetjingane er òg førande i arbeidet med denne planen.

### Målsetjingane frå kommuneplanens samfunnsdel med tyding for planarbeidet

<b>Nye utbyggingsområder og rekreasjonsområder</b>
<b>Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfald skal sikrast</b>
<b>Bygging av fritidsbustader skal skje ved fortetting i tilknytning til eksisterande område for fritidsbustader og styrking av eksisterande destinasjonar</b>
<b>Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløyse aktivitet for turistnæring og bustadutvikling vert ivaretatt.</b>
<b>Legg til rette for nyetableringar og vidareutviklar eksisterande næringar</b>
<b>Sikrar og legg til rette for badeplassar og tilkomst til friluftsområde</b>
<b>Viktige friluft- og naturområde og tilkomst frå bustadområde skal sikrast.</b>
<b>Legg folkehelseperspektiv til grunn for all planlegging</b>

Det kan vera aktuelt å vurdere endringar i avgrensingar til eksisterande utbyggingsområde, dersom dei ikkje er realiserte og dersom dette blir vurdert som riktig ut frå ein heilskapleg vurdering. Eit vurderingskriteria ville vera om området er i tråd med samfunnsdelen og om området blir vurdert som eigna med omsyn til naturfare. Det viktigaste vurderingskriteria ville være om arealformålet framleis er i tråd med gjeldande nasjonale føringar basert på ny kunnskap. Det kan for eksempel være utifrå omsynet til naturmangfald, myr eller liknande. Ein slik gjennomgang ville også gjerast med bakgrunn i reell behov, der ein ikkje legger opp til ei større utbygging enn det er reelt behov for. Det vil òg bli vurdert om eventuelle manglar i gjeldande reguleringsplanar kan overstyrast gjennom føresegna for utvalde tema. I planarbeidet er det behov for å gå gjennom kva delar av kommunedelplanområdet på Lifjell som er mangelfullt kartlagt med omsyn til biologisk mangfald og myr.

Kommunen registrerer eit aukande tal førespurnader relatert til lysforureining i området. Mange ønsker å oppleve dei naturlege kvalitetane på fjellet òg i den mørkare årstida. Mykje kunstig lys i slike område kan øydelegga for denne opplevinga. Samtidig er det kunnskap om at lysbruk kan forureina natur og dyreliv. Lysforureining er vanskeleg å reversera, men kan avgrensast med førebyggjande tiltak i ein planprosess.

Det er behov for å vurdere kvalitetane på området for barn og unge og kor godt gjeldande planar fungerer for å skapa gode område for barn og unge eller andre med tilretteleggingsbehov.

Området planarbeidet omfattar er eit viktig rekreasjonsområde og reiselivsmål for innbyggjarane i kommunen. Det er og inngangsporten til høgfjellet frå Bøsidan. Resultata frå kartlegging av viktige friluftsområde i Midt-Telemark må vurderast i løpet av planarbeidet. Det er ein fordel om arbeidet med ein sti- og løypeplan for Midt-Telemark i samarbeid med Vestfold og Telemark fylkeskommune og turlaga heng saman med dette planarbeidet. Gjeldande reiselivsstrategiar må òg vurderast i lys av planarbeidet, slik at overordna føringar for friluftsliv og reiseliv blir innarbeidd i planforslaget.

Gjeldande plan legg opp til ei omfattande utbygging av alpinheiser og nedfartar. Det må vurderast i planarbeidet om dette er ein ønskja arealbruk. Mellom anna kan ein gjennomgang av den regionale





reiselivsstrategien og klimaprognosane for området kan bidra til ei overordna vurdering. Delar av dette nettet av heiser og nedfarter er lagt heilt over bekkeløp. Planlagde nedfartar i hovud- og sideløp kan vera i strid med forskrift om rammer for vassforvaltninga, rikspolitiske retningslinjer for vern av vassdrag; 016/6 Lifjellområdet og vassressurslovens føresegner om kantvegetasjon. Dette må vurderast nærare i planarbeidet. Om de planlagde trassane viser seg å vera i strid med gjeldande regelverk, må disse tilbakeførast til LNF-område.

Kommunedelområdet Lifjell er inngangsporten til høgfjellet og som utmark ein viktig matressurs med bakgrunn i beiteressursane. Historikken viser at beitebruken av Lifjell området i Midt-Telemark kommune har gått betydeleg ned dei siste åra. Årsaka til dette kan vera samansett. Det er viktig i dette planarbeidet at ein ikkje skaper hinder for framtidig beitebruk i området. Gjennom eit tett samarbeid med landbruket er det behov å kartlegga utvikling i beitebruken nærare og vurderer konsekvensane av dette for arealbruken.

### Kva treng vi å kartlegga i planarbeidet?

- Gjennomgang av eventuelle ubygde fritidsbustadområde i gjeldande planar og eventuell kartlegging av konsekvensar
- Kartlegga omfanget av uregulerte og regulerte hyttetomter i gjeldande planar
- Vurdering av det reelle behovet for planlagt alpinanlegg og vurdering av trassane i forhold til forskrift om rammer for vassforvaltninga, rikspolitiske retningslinjer for vern av vassdrag; 016/6 Lifjellområdet og vassressurslovens føresegner om kantvegetasjon.
- Gjennomgang av folkehelsestilstanden og eventuelle konsekvensar av dette for Lifjellområdet
- Kartlegging av eksisterande målepunkta for ulike brukargrupper (for eksempel barn og unge) og gjennomgang av behov, mellom dei kartlegging av sti- og løypenettet med grad av tilrettelegging og målgrupper.
- Gjennomføre ein konsekvensanalyse for natur- og friluftsliv med utgangspunkt i eksisterande kartlegging og verdsetting av friluftsområda
- Gjennomgang av regional strategi for reiseliv og opplevingar og eventuelle konsekvensar for Lifjellområdet
- Gjennomgang av kulturlandskapskartlegginga frå 90-tallet og eventuell gjennomføring av ny kartlegging med tanke på vern av verdiane som kulturlandskap.
- Gjennomgang av potensiell framtidig utbyggingsvolum og vurdering av førebyggjande tiltak mot lysforureining
- Gjennomgang av klimaprognosar for området og eventuelle konsekvensar for framtidig arealbruk
- Gjennomgang over tilgjengelege registreringar av biologisk mangfald i planområdet. Kartlegga naturmangfald i områdar som er forslått endra frå LNF til byggeområda og i byggeområda som per i dag ikkje er realiserte og ikkje tilstrekkeleg kartlagt etter standard metodikk (Miljødirektoratets instruks, NiN).
- Kartlegga dagens areal for reiselivsnæring, og evt. behov for utviding
- Vurdering av beitebruken, kartlegging av beiterettane i planområdet og konsekvensane av dette for arealbruken
- Innarbeiding av masterplanen for stisykling og eventuelle konsekvensar for framtidig arealbruk
- Vurdering og utarbeiding av eit forslag for ein byggegrensa i botn av krinto/tregrensa ved 700 til 800 moh.
- Alternative energikilder (solceller, vindturbiner, energibrønner, fellesanlegg ol.). Plassering og utformingskriterier.



## Målsetjingane frå kommuneplanens samfunnsdel med tyding for planarbeidet

### Beredskap og tryggleik:

**Integrerer omsyn til klimaendringar i all fysisk planlegging**

**Kartlegg risiko for flaum og skred**

**Sikrar og vidareutviklar blågrøne strukturar som kan handtere ekstremnedbør**

Klimaendringar fører til auka fare for flaum og skred, og arealplanen må ta høgde for dette. Klimaprofil for Telemark gir nyttig informasjon om framtidig utvikling i vår og klima som blir lagt til grunn for planarbeidet. Vidare skal oppdatert kunnskap om økosystem tydinga si for klimatilpassing, til dømes funksjonar av myr, blir lagt til grunn for planarbeidet. Utover det blir den overordna ROS-analyse for Midt-Telemark lagt til grunn som kunnskapsgrunnlag for planforslaget.

Med ei fortetta utbygging av fritidsbustader i området, bør ein òg sjå på og vurdere behovet for å setja av areal til snødeponi i området. Det bør òg vurderast moglegheiter for å setja krav til miljøvennlige energikjelder, og energieffektive bygg ved reguleringsplanlegging. Kommunen må sikra at trafikktryggleiken langs Fv 3332 og ellers i planområdet er ivaretatt. Ei helhetlig vurdering av lokalisering av aktivitetar, stiar, løypar og vegar er naudsynt.

Det må òg kartleggast om delar av planområdet kan vera potensiell viktige for klimaplanlegging i Midt-Telemark kommune.

For skred i bratt terreng vil varsemkart i NVE Atlas vera utgangspunktet for avgrensing av fareområde. I praksis vil truleg aksemkartet for snøskred vise yttergrense for alle skredtypar.

Kva krav som skal stillast til handtering av overvatn og handtering av ekstremnedbør i utbyggingsområde må vurderast i planarbeidet og bli synleg i føresegnene.

### Kva treng vi å kartlegga i planarbeidet?

- Kartlegga flaumveger ved kritiske korridorar
- Kartlegga myrområda (eventuell kartlegge naturmangfald og måle myrdjupn) og vurdere konsekvensane for planforslaget/arealbruken med tanke på funksjonen som karbonlaga og flaumdemper.
- Vurdering av trafikktryggleik langs Fv 3332 og ellers i planområdet og av eventuelle trafikktryggingstiltak.
- Kartlegga alle vassdrag i planområde. Alle vassdrag må merkast tydeleg i plankartet med arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag, jf. pbl. § 11-7 nr.6.

## 9. Korleis skal vi vurdere konsekvensane av planforslaget?

Som ein del av planarbeidet skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing (KU) som beskriv kva verknader planen kan ha for miljø og samfunn jf. plan- og bygningslova §4-2 og KU-forskrifta. Dette kravet omfattar nye område for utbygging med vesentleg endra arealbruk og planforslaget samla. Risiko- og sårbarheitsanalysen jf. DSBs rettleier om samfunnstryggleik i arealplanlegging vil inngå som ein del av konsekvensutgreiing.



Utgreiinga skal setja søkelys på:

- Viktige miljø- og samfunnsverdiar i foreslått utbyggingsområda, deriblant for natur og friluftsliv, naturmangfald, mineralressursane, verneverdiane knytt til vassdrag
- Kva verknader utbygginga kan få for desse verdiane
- Kva eventuelle mildnande tiltak ein kan gjera for å mildna negative verknader

Utgreiinga skal i utgangspunktet vera basert på eksisterande kunnskap. I enkelte tilfelle kan det likevel vera behov for å henta inn ny informasjon, til dømes gjennom ei synfaring av området.

Alternativ vil bli greidd ut der det er behov. Det kan vera aktuelt å vurdere om nye forslag kan erstatta eksisterande.

Metode for konsekvensutgreiing:

Miljøverndepartementet (MD) sin rettleiar «Konsekvensutgreiingar – kommuneplanens arealdel» (2012) skal nyttast som grunnlag for analysen. Rettleiaren vektlegg at det blir gjort ei vurdering av kva konsekvensar det aktuelle innspelet/endinga får med fokus på strategiske problemstillingar og tema. Utgreiinga skal gje eit godt nok grunnlag for å avgjere om det aktuelle området er eigna til foreslått arealbruk.

Kvart tema og innspelsområde skal få ein verdi (på ein skala frå 1-3) og eit omfang (på ein skala på 1-3). Ved vurdering av omfang skal det gjerast ei heilskapleg vurdering, basert på avgrensing av området, føremålet med innspelet, topografi, omtale av verdi og lokalkunnskap. Vurderingane skal gjerast opp mot 0-alternativet, som legg til grunn at dagens planar og arealføremål kan byggast ut, medan framtidige planar ikkje blir utbygde. Konsekvensen av inngrepet er summen av verdien og omfanget.

Det skal gjerast ei samla vurdering av konsekvens basert på resultatane av vurdering av konsekvens for dei einsskilte tema, fagleg skjønn og lokalkunnskap, samt ei vurdering av korleis området passar med overordna arealstrategiar. I konklusjonen blir det nytta tre kategoriar: 1) Tiltaket kan tilrådest, 2) Tiltaket kan tilrådest, men i planprosessen bør det gjerast grep og/eller endingar til dømes i form av reduksjon av areal, rekkjefølgjekrav, dokumentasjonskrav mm., 3) Tiltaket kan ikkje tilrådest.


Metode for ROS-analyse:

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sin rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging» (2017) skal nyttast som grunnlag for analysen. Føremålet med ei ROS-analyse er å bidra til tryggleik for liv, helse og eigedom, og å bidra til å sikre samfunnets evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og hindre ei utvikling som truar viktige føresetnader for dette. På dette plannivået vil ein nytta tilgjengelege datakjelder, som i liten grad er supplert med ny informasjon. At det er gjennomført ei ROS-analyse på kommunepennivå betyr ikkje at eit område er godt nok utgreidd i samband med detaljregulering, men det gjev ein peikepinn på kva risikoar som me veit er i området, og at ein ut i frå dette vurderer om ei utbygging vil kunne vere mogleg eller ikkje bør tilrådest.



## 10. Korleis blir arbeid med Kommunedelplan for Lifjell forankra i Midt-Telemark kommune?

Organisering av arbeidet med Kommunedelplan for Lifjell i Midt-Telemark kommune er vist i figuren under:



Figur 4. Organisasjonsdiagram av arbeidet med Kommunedelplan for Lifjell i Midt-Telemark kommune.

Prosjektgruppa i Midt-Telemark kommune består av:

Assisterende kommunedirektør (*Kommunedirektørens prosjektansvarleg*)

Kommuneplanlegger (*Prosjektleder*)

Teknisk fagstab (arealplanlegger, miljørådgivar, byggesaksrådgivar)

Landbruksrådgivar

Kultur- og idrettskonsulent

Prosjektgruppa inviterer fleire roller/fag ved behov (referansegruppe).






## 10. Kven skal involverast i planarbeidet, når og korleis?

Kommunikasjon med brei involvering er ein sentral del av planarbeidet, både med tanke på forankring av innhaldet i planen og tillitsskapande. Slagordet til kommunen «Vi skaper framtida saman» - « Saman skal kommune, næringsliv, kompetansemiljø og innbyggjarar skapa framtida i ein region i sterk utvikling, vedtatt i kommuneplanens samfunnsdel, skal òg vera ein raud tråd i denne planprosessen.

Prosjektgruppa og ressursgruppa følgjer opp ulike problemstillingar gjennom deltaking i tematiske arbeidsgrupper og inviterer fagpersonar og andre aktørar inn i arbeidsgruppene ved behov. I kvar høyringsperiode er det ønskeleg at planarbeidet får merksemd i lokalavisa gjennom avisoppslag, enten artikkel eller lesarbrev i tillegg til varslingsannonsen, og dessutan annonsering og omtala på heimesida til kommunen og Facebook side. Det for å nå eit så breitt publikum som mogleg. I samband med varsel om oppstart blir det sendt òg ei oppfordring om å bruka pågåande planarbeid som døme i undervisning i utdanningsinstitusjonane i Midt-Telemark kommune. Det er ønskeleg å arrangera eit folkemøte for eit breitt publikum i samband med første høyringsperioden. Behovet for fleire møter med eit breitt publikum blir vurdert undervegs i planarbeidet.



Figur 5. Grov framdriftsplan med medverknads- og beslutningspunkt

Framdriftsplanen ser for seg at planen endeleg vert vedteken i kommunestyret i november 2023.





Planfase	2022												2023											
	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D
Utarbeide forslag til planprogram	■	■	■																					
Politisk behandling forslag til planprogram			■																					
Høring forslag til planprogram/Varsel om oppstart				■	■	■																		
Bearbeiding planprogram						■	■	■	■															
Vedtak planprogram										■														
Siling og konsekvensutredning av innspill										■	■	■												
Politisk behandling av grovsiling											■													
Analyser og utredning										■	■	■	■	■	■									
Utarbeide planen												■	■	■	■	■	■	■						
Politisk behandling av planforslag																						■		
Høring av planforslag																					■	■	■	
Bearbeiding av planforslag																						■	■	
Vedtak av planen																							■	

Figur 6. Detaljert framdriftsplan

**Regionalt planforum:**

Det vert lagt opp til at arbeida med kommunedelplanen Lifjell vert meldt opp til Regionalt planforum i Vestfold og Telemark ved to høve: I oppstartsfasen og under utarbeiding av planforslaget.

